

# UNG medverknad

*i by- og tettstadsutvikling*



Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

# Innhold



---

By- og tettstadsutvikling - der du kan påverke!	3
KVA er by og tettstadsutvikling?	3
KVIFOR engasjere seg i by- og tettstadsutvikling?	5
KORLEIS drive med ung medverknad i by- og tettstadsutvikling	6
KVEN kan ungdomsråda kontakte?	8

## By- og tettstadsutvikling - der du kan påverke!

Har du nokon gong tenkt over korleis bygg, gater, plassar og områda der du veks opp verkar inn på korleis du opplever kvar dagen din og korleis du lever livet ditt? I 2017 vedtok ungdommens fylkesting (UFT) at tettstadsutvikling skulle vere eit område ungdomspanelet skulle jobbe med det komande året. I saka om tettstadsutvikling og distriktsarbeid (UFT-7/17) vart det samrøystes vedteke at:

Ungdommens fylkesting ser positivt på by- og tettstadsutviklingsarbeid i Møre og Romsdal. Ungdommens fylkesting ynskjer at ungdomspanelet skal lage ein rettleiar for korleis ungdomsråd kan arbeide for å få eit attraktivt, sosialt og godt lokalsamfunn for barn og unge. Ungdommens fylkesting ynskjer også at ungdomsråda skal få moglegheita til å leggje fram sine gode døme ved ungdommens fylkesting i 2018.

I tråd med vedtaket synest vi i ungdomspanelet at det er viktig at ungdom får vere med på å utvikle sitt nærområde og vere med på å planlegge bustadområde som dei trivst i. Vi veit at ein trygg og attraktiv heimstad fører til betre oppvekstmiljø og eit eigarskap til heimpllassen. Mange ungdomsråd får ikkje vere med i planlegginga av eige nærområde. Dette ønsker vi å endre. Vi i ungdomspanelet har derfor laga ein rettleiar som skal gjere det lettare for unge å engasjere seg i utviklinga av sitt eige nærområde. Målet er at denne rettleiaren skal gi kommunale ungdomsråd tips til korleis dei kan engasjere seg i by- og tettstadutviklingsarbeidet i eiga kommune.

## KVA er by- og tettstadsutvikling?

### Vi flytter til tettstadane

Stadig fleire og fleire av oss bur i byar og tettstadar. Dette er ein del av den store urbaniseringstrenden. Byane har størst vekst, og meir enn halvparten av alle på jorda bur i dag i byar. I Noreg bur faktisk 8 av 10 i byar eller tettbygde strøk! I Møre og Romsdal er det nærmare 7 av 10, men trenden er klar; folket trekker inn mot byar og tettstadar.

Den største flyttestraumen i Noreg går til dei største byane Oslo, Bergen og Trondheim. Dette gjeld særleg unge som nettopp er ferdig med vidaregåande skole.



Ungdomspanelet 2017/2018 har jobba for å følge opp vedtaket frå UFT 17. Bildet er frå Åndalsnes kor ordføraren i Rauma kommune presenterte korleis dei har jobba med by- og tettstadsutvikling.

Vi kan sjå at flyttestraumen frå Møre og Romsdal også følgjer dette mønsteret. Innanfor regionane er det flyttestraumar som går frå bygdene og inn til byane og tettstadane. Dette kan føre til til dømes overfolka skoler i byane og fleire tomme skolebenkar i bygdene. Berre i 2016 opplevde Møre og Romsdal ei innanlandsk nettoutflytting på over 1000 personar. Mange kommunar og tettstadar har mål om å redusere denne flyttestraumen. I 2016 hadde 20 av dei 36 kommunane i Møre og Romsdal flytteoverskot. Ålesund kommune hadde det største overskotet med 275 personar. Av dei 16 kommunane med flytteunderskot hadde Kristiansund størst nettoutflytting med 88 personar, følgd av Vestnes med 37 personar og Herøy med 36 personar ([fylkesstatistikk.mrfylke.no/2017](http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/2017)).

### Utvikling av din heimstad

By- og tettstadutvikling blir gjerne omtala som "stadutvikling", men kva er det eigentleg? Det handlar om å utvikle byar og tettstadar slik at dei blir attraktive for folk å bu i, jobbe i og besøke. Det er ikkje rart dette er viktig for alle kommunane i Møre og Romsdal! Fleire av kommunane våre har aktive by- eller tettstadsutviklingsprosjekt i 2018, der lokale barn og ungdom skal og bør få delta med sine tankar og meningar. Døme på tiltak som utviklar



Saunesparken i Ulstein, eit eksempel på god medverknad frå barn og unge i tettstadsutvikling (foto: Per Eide)

heimstaden kan vere gode bustadar for både unge og gamle i sentrum, trivelege torg og gater med attraksjonar og aktivitetar der folk kan møtast – og ungdomen kan henge. Også trygge og rydda gå- og sykkelstiari kan utvikle ein stad i positiv retning. For å få eit levande sentrum trengst ein miks av både bustadar, handel og service, offentlege kontor m.m. Det må også vere liv mellom husa, det vil seie torg, gater, benkar, tre osv., som bidreg til å knyte byen/tettstaden, og ikkje minst menneska, saman!

Det er ingen hemmelegheit at estetikk og vakre stadar appellerer til oss. Byggeskikken på ein stad er med på å gi staden identitet. Parkar, grøne lunger, torg og fortau gir ikkje berre moglegheiter for å bevege oss trygt som fotgjengarar, dei bidreg også til rekreasjon og positive sanseintrykk.

#### Miljøvennleg er folkevennleg

I lys av Parisavtalen frå 2015 har vi i Norge forplikta oss til å jobbe for å redusere klimagassutslepp (Regjeringa, 2016). Det betyr at vi må drive by- og tettstadutvikling som støttar opp under dette. Blant anna inneber det at vi må fortette allereie utbygde strøk, som betyr å fylle inn bygningar på ledige tomter i staden for å gjøre fleire grøne områder til grå. Fortetting må gjerast med omhug, slik at det ikkje fører til mangel på dagslys, utsikt og behov for privatliv osv. Miljøperspektiv tyder også på at vi må stimulere til gåing, sykling og bruk av kollektivtrafikk under utviklinga av heimstaden.

I arbeidet med heimstadar og nærmiljø oppdagar ein kjapt at alle ikkje er einige om kva som er god

by- og tettstadutvikling. Lenge har planlegging som prioriterer tilgjengeleghet for bilar og store parkeringsplassar vore svært viktig. Mange synest framleis dette er viktig, og det blir bygd til dømes butikkar og kjøpesenter som er bilbasert\*. Fagfolk er i dag rimeleg einige om at det viktigast er å gjøre sentrum i byar og tettstadar trivelege og trygge for folk, og at vi må få fleire til å gå, sykle eller ta bussen. Dette er både meir miljøvennleg, betre for folkehelsa og gjer at folk treffast i større grad enn om dei kører bil. Det gjer det også meir tilgjengeleg for barn og ungdom som ikkje kan køyre bil, og ikkje minst tryggare vegar for denne gruppa. Det betyr ikkje at vi ikkje skal ha bilar i sentrum, men det betyr at bilen ikkje skal ha førsteretten!

\*Bilbasert: Når bil er den enklaste eller einaste måten å kome seg til og frå ein stad.

*“Miljøperspektiv tyder også på at vi må stimulere til gåing, sykling og bruk av kollektivtrafikk under utviklinga av heimstaden.”*



## KVIFOR engasjere seg i by- og tettstadsutvikling?

Din heimestad vil truleg vere den plassen som forma deg mest gjennom livet. Ein god barndom varar nemleg heile livet! Trygg oppvekst med gode rammer for aktivitetar og "hengeplasser" vil kunne gjere heile kvardagen din enklare. Kanskje ein skatepark er akkurat det du treng for å møte nye venner og kunne vere ute? Kva med klatrestativ eller ungdomshus? Det er vi, dei unge, som veit kva vi treng for å gjere kvardagen vår enklare, meir morosam og tryggare. Det er kanskje ikkje alt for mange vaksne politikarar som prioriterer klatrestativ når dei kan prioritere parkeringsplassar eller nye leilegheiter? Derfor er det svært viktig å vise at vi unge har klare meininger og tankar om kva vi ønsker for å utvikle heimstaden vår. Vi kan ikkje stemme på det partiet vi liker aller best, men vi har faktisk moglegheita til å ta direkte kontakt med politikarane og uttrykke kor viktig visse tiltak er for oss og vår oppvekst. Oppveksten vår styrer i stor grad om vi ønsker å flytte tilbake etter utdanning. Kommunar som ønsker at folk skal bu der, må med andre ord gjere det kjekt for barn og unge å vekse opp der, slik vi unge vil flytte tilbake som vaksne. Ein god stad skapar stoltheit og positiv identitet.

### Unge veit best

Å engasjere seg i politikk vil ikkje seie å ha meininger innanfor alt, så lenge ein har mening om noko, held det! Meiningane våre handlar om andre ting enn meininger til dei vaksne. Det er stort sett berre vi unge som kan seie tydeleg korleis skolemiljøet er, kor trygg skolevegen er og kvar ungdom liker å "henge". Utan våre meininger og informasjonen vi sit med, vil ikkje politikarane kunne utvikle heimstaden vår på den måten som er best for akkurat oss! Det er derfor det er så viktig å engasjere seg, for å kunne representere dei unge sine stemmer som ikkje alltid blir hørt like godt. Vi unge er ekspertar på det å vere unge, ingen politikarar veit akkurat korleis det er å vere ung i dag. Om ikkje vi gjennom ungdomsrådet eller ungdommens kommunestyre fortel kva som er viktig for oss, kven skal fortelje det då?

Vi unge vil dessutan vere dei som bur lengst på heimstaden. Det er våre ungar som skal leike i parken og sykle til skolen. Det er derfor vi som bør vere med å forme bygda eller byen vår. Det er viktig for at vi skal flytte tilbake til heimplassen og velje å slå oss ned akkurat der. For at dette skal skje må vi unge få sagt kva som er og vil bli viktig for oss også i framtida.

### Engasjement – moglegheit for personleg utvikling

Å engasjere seg i politikken er veldig givande, ikkje berre ved å kunne påverke ting direkte ved å snakke med politikarar, men også på andre områder. Ein bygger nettverk: ein blir kjent med kven ein skal kontakte om det er noko ein lurer på innanfor til dømes busstilbodet eller skolemiljøet. Ein får seg nye venar og blir kjent med andre engasjerte unge. Det gir også moglegheiter til å bli hørt på fleire måtar, det vil vere mange vaksne og lokalavisar som er opptatt av di stemme, og kanskje politikarane spør ungdomsrådet om råd direkte neste gong, sidan dei veit at de er engasjerte! I tillegg blir ein betre kjent med heile det politiske systemet, det blir lettare å forstå korleis kommunen din er styrt og på akkurat kva slags måtar og når du kan påverke.

*"Kanskje ein skatepark  
er akkurat det du treng  
for å møte nye venner  
og kunne vere ute?"*



Måten byar, tettstadar eller til dømes bustadområde er utforma på, verkar inn på korleis vi lev liva våre. Ved å vere engasjert har du moglegheita for medverking - å bidra til at heimstaden din blir utforma på den måten som er best for akkurat deg!

Medverknad frå barn og unge i plansaker er lovfesta. I plan- og bygningsloven (§ 5-1) står følgande:

*"Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private."*

*Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte."*

Lova sine formuleringar inneber at planforslag skal tilpassast og presenterast slik at det blir forståeleg for barn og ungdom. Den som utarbeider eit planforslag har plikt til å sørge for å leggje til rette for aktiv medverknad frå dei unge. Ungdomsråd bør vere ein sentral høyringspart for kommuneadministrasjonen ved utarbeidning av plana (Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser i planelegginga).

## KORLEIS drive med ung medverknad i by- og tettstadsutvikling?

Det kan vere enkelt å lage seg ønsker og meininger om korleis ein kan utvikle heimstaden til ein ekte drøyme-heimestad, men det kan vere utfordrande å finne ut korleis ungdomsrådet faktisk skal jobbe mot det målet. Korleis nå fram? Kva er realistiske område som det går an å jobbe med framover? For å vere ein medverkar i by- og tettstadsutviklinga er det eit tips å byrje med å evaluere nærområdet. Ved å sjå på kva som allereie eksisterer av tiltak og møtestadar kan de enklare og meir konkret jobbe med å forbetre og utvikle desse, og samtidig tenke på nye måtar å ta i bruk dei områda som allereie finst.

SI DIN MENING !

SI DIN MENING !

### SAKSGANG FOR REGULERINGSPLANER

#### REGISTRERING - AVKLARING

#### KUNNGJØRING - OPPSTART REGULERINGSPLAN

#### UTARBEIDING AV PLANFORSLAG

#### 1.-GANGSBEHANDLING I UTVALGET FOR OLANSAKER

#### KUNNGJØRING - FERDIG PLANFORSLAG

#### HØRING - OFFENTLIG ETTERSYN

#### BEARBEIDING AV UTTALELSEER NYTT PLANFORSLAG

#### 2.-GANGSBEHANDLING I UTVALGET FOR PLANSAKER

#### VEDTAK I KOMMUNESTYRET

#### KUNNGJØRING - VEDTATT PLAN

#### KONTROLLER AT DU ER HØRT      EV. KLAGE TIL FYLKESMANNEN


#### GJENNOMFØRING AV PLANEN

Her er nokre spørsmål som ungdomsrådet kan tenke over og gå gjennom når de ønsker å engasjere dykk i arbeidet med dykkar heimestad:

- 1 Synest de at tettstaden er triveleg å vere i? Innbyr torg, gater og fortau til å gå og opphalde seg der? Finst det ein lokal byggjeskikk? Kva synest du er positivt med staden din, og kva er negativt?
- 2 Er det lagt til rette for at de kan gå eller sykle mellom heim og skole, fritidsaktivitetar, bibliotek, butikk eller kafeen? Kan de ta kollektivtransport eller er de avhengige av å bli kjørt?
- 3 Finst det møteplassar for ungdommar? Er kjøpesenteret den einaste plassen å møtest, eller finst det også offentlege område ute kor det går an å sitte, henge, klatre, trenere, skate, spele fotball, spele spel etc.? Er det stader som appellerer både til jenter og gutter?
- 4 Finst det arenaer der barn, ungdom, vaksne og eldre kan møtest? Kan de kome dykk dit utan at foreldre eller andre må køre?
- 5 Er disse plassane utforma med god kvalitet, slik at de som ungdommar kjenner dykk prioritert og verdsett?
- 6 Skjer det ting de kan delta på der de bur? Arrangement, konsertar, møte etc.?
- 7 Er det god belysning om kvelden slik at de opplever at det er trygt å gå dit de skal?
- 8 Får de som ungdommar vere med og påverke utviklinga av tettstaden eller byen dykkar?

Kjelde: miljolare.no

*“Å vise interesse for å bli med i arbeidet med by- og tettstadsutvikling kan få kommunane til å sjå på ungdomsråda som ein viktig ressurs, og det kan sikre reel medverknad, ikkje berre informasjon.”*



### Ta initiativ sjølv, ikkje vent

Det er viktig at ungdomsråda sjølve tek kontakt med deira eigen kommune og ber om å få bli med i dialogen om store prosjekt. Å vise interesse for å bli med i arbeidet med by- og tettstadsutvikling kan få kommunane til å sjå på ungdomsråda som ein viktig ressurs, og det kan sikre reel medverknad, ikkje berre informasjon. Det er kommunen som har ansvaret for å involvere dykk, men ofte krev det eige initiativ frå ungdomsrådet sjølv.

Ungdomsrådet bør også vite noko om når de kan påverke til dømes ein reguleringsplan. Koordinatoren/ sekretæren til ungdomsrådet kan hjelpe dykk med opplæring i korleis gangen i ei plansak er.

Det finst mange ulike måtar og metodar ein kan bruke for å engasjere og involvere unge i by- og tettstadsutvikling på. Sjå modell under for døme.

For å få vite meir om dei enkelte metodane kan du ta kontakt med rådgjevar for tettstadutvikling i fylkeskommunen, Ingvild Gjerdset, eller Sigri Spjelkavik som er rådgjevar for folkehelse, og jobbar med nærmiljøprosjektet (2016-2018).

### I Møre og Romsdal er mellom anna følgande metodar brukt i Nærmiljøprosjektet:

- Barnetråkk
- Gjestebod
- Idèverkstad
- Folkemøte
- Spørsmålshefte
- Nettportal
- Nettsider
- Nærmiljøkontor
- Sosioromleg kartlegging
- Sosiale media
- Sosiokulturelle stedsanalyse
- Elevdag

## METODAR OG VERTØY – ikkje uttømmande oversikt

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnetråkk</li> <li>• Ungdomstråkk</li> <li>• Gjestebod</li> <li>• Idèverkstad</li> <li>• Kafédialog/dialogkafe</li> <li>• Kakaokafé</li> <li>• Intervju</li> <li>• (Fokus)gruppeintervju</li> <li>• Spørjeundersøking/skjema</li> <li>• Friluftskartlegging</li> <li>• Folkemøte</li> <li>• Landskapsanalyse</li> <li>• Seminar om medverknad</li> <li>• Spørsmålshefte</li> <li>• Ope prosjektkontor</li> <li>• Kafédialog og prosjektarbeid i ulike fag – ungdomsskule</li> <li>• Nærbutikkstand med informasjon – intervju/spørjeskjema</li> <li>• ABCD-metoden</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forum/møteplassar – fokusgruppe</li> <li>• Ordførarbesøk i tettstader og bygder</li> <li>• Besøk ved ulike institusjonar i kommunen</li> <li>• Rullande idèverkstad – dialog, datainnsamling</li> <li>• Nettportal</li> <li>• Nettsider om prosjekta og konkrete tiltak</li> <li>• Nærmiljøkontor</li> <li>• Workshop for publikum i definerte område i kommunen</li> <li>• Ungdomskonferanse</li> <li>• Risikorydding</li> <li>• Sosioromleg kartlegging (desirelines, telling og dotmaps) Fotokonkurranse</li> <li>• Sosiale media</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sosiokulturell stadsanalyse</li> <li>• Co-creation Gjestebod</li> <li>• Ope byutviklingskontor</li> <li>• Styringsgruppe</li> <li>• Refleksjonsfilm om medverknad</li> <li>• Elevdag - elevworkshop</li> <li>• Pilotgjennomføring/datainn samling i skule og barnehage</li> <li>• Kartlegging av aktivitetstilbod-sosiokulturellstadsanalyse – bruk av flyfoto</li> <li>• Spørjeundersøking – opne spørsmål</li> <li>• Løvekårsundersøking</li> <li>• Frimarked</li> <li>• Synfaring</li> <li>• Observasjonar</li> <li>• Høyringsinnspel</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikkagenten</li> <li>• Mental Mapping</li> <li>• Workshop – velforeininga</li> <li>• Kartdigitalisering</li> <li>• Åpent hus – Tankefangst: frivillige organisasjoner, innbyggjarar generelt, tilsette i kommunar, næringsliv, skular, foreldremøte, næringsliv</li> <li>• Temadagar</li> <li>• Ugt entreprenørskap og medverknad</li> <li>• Ungdomskonferanse/innovasjonscamp</li> <li>• Verdskafe</li> <li>• Medborgarmiddag</li> <li>• Videointervju</li> <li>• Digital historiefortelling</li> <li>• Storytell</li> <li>• Bynettverk</li> </ul>
---	--	--	---

Kjelde: Helsedirektoratet (2018), tabell frå delrapport frå evaluering av satsinga Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse

I Møre og Romsdal er barnetråkk ei av dei vanlegaste metodane for å involvere unge i utviklingsplanar på. Mange har gode erfaringar med denne metoden, og vi vil derfor trekke den fram som ei særskilt eksempel.

### Barnetråkk

Barnetråkk er eit praktisk eksempel på korleis barn og unge kan delta i planprosessar. Gjennom metoden får kvart enkelt barn komme med sine meningar om lokalsamfunnet og kva dei ønskjer for framtida. På eit digitalt kart får barna sjølv seie kva dei meiner om deira nærmiljø, kva stadar dei likar og ikkje likar og kvar dei synes det er trygt eller ikkje trygt å ferdes i deira nærmiljø. Metoden kan også vere med på å bevisstgjere barna på korleis dei bruker heimstaden sin og dei får øving i å ha meningar om deira lokalsamfunn.

Barnetråkk krev at kommuneadministrasjonen er tydeleg involvert. Fordelen med metoden er at dei unge får ytra stemma si innanfor mange område, og kommuneadministrasjonen sit igjen med konkrete ønsker og meningar frå dei unge. Dette bidreg til dialog mellom kommunane og dei unge, noko vi i ungdomspanelet meiner er ein særskilt god måte å kommunisere med dei unge på.

Om ein ikkje kan samle alle unge på ein stad er det ikkje så lett å oppnå dialog. Fleire av metodane vi har nemnt over involverer ulike fysiske møte. Eit alternativ til dette er å nytte sosiale medium. Vi vil derfor trekke fram denne metoden.

### Sosiale medium

Den beste måten å nå ut til barn og unge i dagens samfunn er utan tvil gjennom sosiale medium. Dei fleste kommunane i fylket har for eksempel ei Facebook-side som er administrert av kommunen. Om disse sidene er kjende blant lokalbefolkninga kan dei brukast til å nå ut til mange på ein effektiv måte. Det er også mange ungdomsråd i kommunane som har sine eigne sider på sosiale media, og om dei brukast flittig kan dei vere ein gylden ressurs for å få profilert ulike arrangement som folkemøter og offentlege idéverkstadar.

Tilsette i kommunen som jobbar med unge kan vere med i grupper og chattar med ungdomsrådet, slik at de får til ein direkte og uformell kommunikasjon. Dette er ofte vegen å gå for å få oss unge til å svare. Ein effektiv måte å få svar på er å lage ulike "røystingar" og spørjeundersøkingar der unge berre er eit trykk unna for å ytre si mening.

Å nytte sosiale medium som metode har den fordelen at den ikkje krev fysiske møteplassar, og den involverer

ikkje like store deler av kommuneadministrasjonen. Om dykkar kommune ikkje er aktive i sosiale medium kan ungdomsrådet ta initiativet og hjelpe kommunen til å nytte denne metoden for å sikre medverknad i til dømes by- og tettstadutvikling.



Døme på korleis ein kan bruke sosiale medium for å få dei unge til å ytre meininga si. Det er også viktig å tenke på korleis de vil følge opp eit slikt innlegg.

### KVEN kan ungdomsrådet kontakte?

Det er ikkje alltid lett å vite kven ungdomsrådet kan kontakte når de ønsker å bli involvert i ei sak eller har innspel til korleis byen eller tettstaden kan utviklast. Her er nokre forslag:

### Barnerepresentanten

I følge plan- og bygningsloven skal alle kommunar ha ei ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i all plan- og byggjesaksbehandling. I Møre og Romsdal blir ordninga som oftast kalla barnerepresentant. Ein barnerepresentant skal være eit supplement og ei fagleg styrking av kommunens plan- og byggjesaksbehandling, og er ein sentral part når kommunen planlegg og utarbeider planar. Kommunestyret har ansvaret for å sikre at barn og unge har eit godt oppvekstmiljø og sørge for at dei unge sjølv får anledning til å seie si meining i saker som angår dei. Alle ungdomsråd bør kjenne til og opprette dialog med "deira" barnerepresentant.

## Kommuneplanleggaren i din kommune

Kommunane i Møre og Romsdal har tilsette som jobbar spesifikt med å utvikle den. Det er her dei nye planane for utbygging og forandringar kjem til liv. Om ungdomsrådet tek kontakt med denne personen har dykk moglegheit til tidleg og konkret påverknad. De kan også ta kontakt med denne personen og be han/ho på eit møte slik kan de kan få presentert dei nye planane og saman finne område der dykk kan vere med å påverke. Kanskje det skal byggast ut ein ny leikeplass, kven har vel betre innspel til dette enn dei unge i kommunen? Ved å opprette kontakt med denne personen i kommuneadministrasjonen tidlegast mogleg har dykk ein sjanse til å vere med å utvikle sakene før dei behandlast vidare av politikarane i kommunen. Jo tidlegare de blir involvert, jo meir har de som regel moglegheit til å påverke.

## Politikarane i kommunen

Dei som tek dei viktige avgjerdene i lokalpolitikken er politikarane og det er derfor svært viktig å ha god dialog med dei for å få gjennomslag. I tilfelle der de ønsker å påverke noko er det veldig positivt å vise at de er engasjert i saken og tar det opp med politikarane direkte. Dette kan gjerast ved at de sender mail til politikarane eller møter dei uformelt for å ta ein prat. Kanskje de har tale - eller møterett i kommunestyret? Alt dette kan brukast for å ta initiativ sjølv til å påverke tettstadsutviklinga der de er. Dessutan, når politikarane ser at de er engasjert, er sjansen større for at dei prioriterer dykk i sitt arbeid og spør om råd neste gong.

## Ungdomspanelet

Ungdomspanelet tek gjerne inn saker som omfattar heile Møre og Romsdal fylke, det kan til dømes handle om dei vidaregåande skolane, kollektivtransport eller større prosjekt i fylket. Vi kan vere eit bindledd mellom ungdomsrådet og fylkeskommunen ved å støtte opp dykkar sak og vise dykk vidare til dei rette fagpersonane i fylkesadministrasjonen. Om de sender oss saker de brenn for kan det hende vi tek saka til oss og jobbar med den spesifikt det komande året. Ungdommens fylkesting kan også vere ein arena for å uttrykke dykkar mening og få medhald i saker av alle ungdommene i Møre og Romsdal. Merk at det må vere saker som angår heile fylket. Kontakt oss på Facebook: ungdomspanelet i Møre og Romsdal, eller på e-post: ungdomspanelet@mrfylke.no

## Kontaktperson for tettstadprogrammet i Møre og Romsdal fylkessommune:

Ingvild Gjerdset

E-post: [ingvild.gjerdset@mrfylke.no](mailto:ingvild.gjerdset@mrfylke.no)

Tlf: 71 28 03 44

## Ta kontakt med kommunen din:

Finn ut kven som jobbar med dette i din kommune og ta kontakt med dei! Dette gjeld både barne-representanten, og dei som er fagleg ansvarlege for by- og tettstadsutvikling i dykkar kommune.



## Nyttige nettsider:

[smsprosjektet.no](http://smsprosjektet.no)

[regjeringen.no/no/dokumenter/Medvirkning-i-planlegging/id764244](http://regjeringen.no/no/dokumenter/Medvirkning-i-planlegging/id764244)

[mrfylke.no/flyttestrau-manesbetydning](http://mrfylke.no/flyttestrau-manesbetydning)



# NOTATAR





Fylkeshuset, 6404 Molde | Telefon 71 25 80 00 | E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) | [mrfylke.no](http://mrfylke.no)